



HØGSKOLEN STORD/HAUGESUND

Dato : 9.2.15
Vår ref : 15/00328-2
Dykkar ref: 15/162

Kunnskapsdepartementet
postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Høyringsuttale

‘ Finansiering for kvalitet, mangfold og samspill

– Nytt finansieringssystem for universiteter og høyskoler’

Høgskolen Stord/Haugesund støtter hovedtrekka i forslag til ny finansieringsmodell. Våre innspel kan oppsummerast slik :

Vi vil trekke fram følgjande hovedtrekk i modellen som spesielt positiv :

- Det gjennomgåande fokuset på styrene sin mulighet for å utøve strategisk leiding
- Ein enkel modell for tildeling
- Fortsatt stor del basistildeling
- Fokus på kandidatar, der det også blir foreslått virkemiddel i forhold til Lånekassen

Utover dette argumenterer vi for :

- Å behalde insentiv knytt til NFR-finansierte prosjekt
- Vurdere konsekvensar av nye finansieringskategoriar
- Vurdere konsekvensane av foreslått implementering

Våre kommentarar/innspele til dei ulike delane av finansieringsmodellen:

Basis

Det er positivt at det blir foreslått ein modell med fortsatt høg basisfinansiering for å kunne ha stabilitet. Det er likevel ein svakhet i finansieringssystemet at basis ikkje er transparent. I den endelege finansieringsmodellen bør vi kunne sjå ein større samanheng mellom denne og strukturreforma. Ein må kunne sjå samanhengen mellom oppdrag og finansiering.

Basisfinansieringa skal i utgangspunktet dekke kostnader til basisfunksjonar som infrastruktur (husleige, undervisningsutstyr, IT etc.), administrasjon, forsknings- og utviklingstid, utdannings- og forskningsleiing etc. I ein modell der uttelling for studiepoengsproduksjonen blir foreslått som ein mellomting mellom insentiv og kostnadsdekking skal også noko av basis dekke kostnader til utdanning. Det er då vanskeleg å få eit heilheitsbilde på kva inntekt/overføring ein får for å ivareta oppdraget ein er gitt, for eksempel innanfor utdanning. Dette vil også bli spørsmål når ein skal tildele nye studieplassar.

Resultatbaserte komponentar

Studiepoeng

Vi ser positivt på at studiepoengsfinansieringen fortset. Forslaget til nye kategoriar bidreg er etter vår vurdering ein mellomting mellom insentiv og kostnadsdekking. Noko som i seg sjølv gjer det vanskeleg å sjå heilheten i modellen, jfr. kommentar over. Det er spesielt kategori 2 og 3 som vil bli gjenstand for diskusjon i høve til kostnader ved utdanningane. Ein alternativ modell kan vera å ha ein kategori for desse utdanningane – og heller gi basistilskot for praksiskostnader og utstyrskostnader.

I samband med nye kategoriar vil vi nemnde spesielt om vår utdanning innan nautikk, der det ved nye kategoriar er viktig at denne får ei betre kostnadsdekking enn i dag. Det er også avgjerande at det blir tilført ressursar, ikkje at basis blir redusert i implementeringa.

Det er viktig at konsekvensene av en slik omlegging blir vurdert grundig.

Kandidater

I eit livslangt læringsperspektiv er etter- og vidareutdanning viktig, og vidareutdanning er også i mange høve politisk initiert, f.eks. EVU knytt til grunnskulen. Som ei regional høgskole er vi svært bevisst vår rolle i høve til EVU. Med den definisjonen av kandidatar som er lagt til grunn i forslaget, vil det vera mange studenter som fell utanom kandidatdefinisjonen, men som gjer seg ferdig med planlagt utdanning utan at institusjonen får noko insitament gjennom finansieringssystemet. Vi foreslår derfor at kandidatbegrepet blir utvida.

Nye studieplasser

I forslaget til finansieringsmodell er det foreslått meir konkurranseutsetting knytt til tildeling av studieplassar. Det er viktig at tildeling av studieplassar blir fullfinansiert, og tatt inn som ein del av ei heilheitsvurdering. Det bør imidlertid bli meir opne prosessar rundt studieplasstildeling. Kva kriterier og behov blir lagt til grunn. Det er også ein realitet at mange institusjonar i dag finansierer mange studieplassar 'på marginalen'. Dersom studiepoengsfinansieringa blir redusert vil det bli behov for tildeling av basis for å oppretthalde studieplassane med den kvaliteten ein har i dag/betre kvalitet.

Publisering

Med dagens insentivsystem har det vorte mykje større fokus på publisering, og det er positivt. Forslaget til modell er komplisert, og den kan slå skeivt ut i forhold til sampublisering. Fleire ved eigen insitusjon kan vera med osv., og fagmiljøa er ulike. Dette bør vurderast nærare.

Utteksling/mobilitet, EU og NFR

Vi støtter forslaget til økt insentiv for utveksling. Vi har imidlertid utdanningar der tre månader ikkje passar med rammeplanen, eksempelvis lærarutdanninga. Vi meiner derfor at insentivet bør endrast til også å gjelde utveksling ned mot 2 månader.

Insentivet knyttet til alle EU-prosjekt er ei viktig insentivordning for kontinuerleg å kunne ha fokus på å delta i EU-prosjekt. Dette bør også innbefatte Erasmus+, der fokus er mot utdanningskvalitet. Det er også viktige støtteordningar gjennom EØS som kan utvikle seg til EU-prosjekt. Dette bør også vera med i insentivordninga.

Vi har i fleire år hatt god uttelling gjennom NFR, der vi har utvikla gode regionale, nasjonale og internasjonale nettverk. Med regjeringa si satsing på å styrke profesjonsforskninga gjennom NFR, og andre kanalar, vil det vera viktig å fortsatt ha eit insentiv gjennom finansieringssystemet. Vi har nasjonale utfordringar og forbettringsområder som ikkje nødvendigvis blir dekkja gjennom EU-finansierte prosjekt. Med fokus på bidrag- og oppdragsfinansiering og samarbeid med det regionale arbeidsliv er dette sentralt for ei høgskole som vår.

For å styrke insentivet til økt samhandling med arbeids- og næringsliv vil vi foreslå å flytte midlar frå NFR, VRI etc. til institusjonane. Dette vil gi styrene større handlingsrom i forhold til samhandling med arbeids- og næringsliv, og institusjonane kan bidra aktivt i ei nødvendig omstillingsfase som både vil kreve FOU og utdanning.

Dersom NFR-insentivet ikkje blir vidareført er det viktig for vår institusjon at innvilga prosjekt blir slutført etter dagens finansieringsmodell. Vi har, etter vår målestokk, fleire store NFR-prosjekt som er innvilga og igangsett, og vi har lagt dagens insentivsystem til grunn i vår styring og planlegging av verksemda.

Avtaler

UKP-avtalane som blir foreslått må utgreiast nærare, både innhaldsmessig og kva konsekvensar slike avtalar kan få for drifta dersom ein ikkje innfrir avtalen. 20% av basis for vår del er langt over det vi har mulighet for å ha i reserve/buffer. I utgangspunktet skal institusjonane heller ikkje ha reserve.

Dersom UKP-avtaler skal innførast er det viktig at dette blir ein del av dagens styringssystem med estatstyringsmøte og tildelingsbrevet. Dette må vera ei avtale mellom eigar og institusjon, der vi ikkje ser rolla til NOKUT og Forskningsrådet. Det er viktig at dette eventuelt kan finne sin form utan at det blir for byråkratisk.

Med venleg helsing

Liv Reidun Grimstvedt
rektor
Høgskolen Stord/Haugesund